resultat.

—Kvar skal så tevlingane gå?

—Det heile vert avvikla i løpet

## alpint-løypa.

Even Hole frå Indre Breim

Crans-Montana i Sveits sundag, der han kom i mål 4.22 sekund etter vinnaren Toni Burgler.

På Voss køyrde broren, Bjørn Hole, inn til tredjeplass i eit rankingrenn i slalåm laurdag. Han var 3 sekund etter vinnaren, Nils Een frå Ørnar. I same rennet tok Anders Olav Valaker, Utvik, ein 10. plass, Frode Hovland, Førde, vart nr. 16, Kjell Gåsemyr, IBIL, nr. 17 og Frank Roger Walaker, Utvik, nr. 18.

Same dagen vart det på Voss avvikla eit områderenn i slalåm for yngre junior. Asle Per Myklebust frå Indre Breim var ikkje snauare enn at han gjekk heilt til topps etter å ha vore raskast i begge omgangar.

Asle Per vann også sin klasse i krinsrennet som Olden Idrettslag arrangerte sundag. 41 alpinistar deltok i dette slalåmrennet for senior og junior. Beste tid hadde Bjørn Hole som i år stiller i klasse A. Einaste kvinnelege deltakar var Arlin Gjesdal frå Jølster. Dei beste resultata:

**Damer y. jr.:**

Arlin Gjesdal, Jølster 97,1

**Klasse A:**

Bjørn Hole, IBIL 63,8

**Klasse B:**

Magnar Breidablikk, Stryn 68,1
Pål Skarstein, Olden 73,1
Harald Hjellbrekke, Førde 77,9
Magne Otterdal, Hornindal 78,1
Per Grodås, Hornindal 79,7

# Bitande kulde møtte skiskyttarane på Lavikdal.

## Bygdas eigen skarpløpar slo til og vann.

Bitande sure minusgrader på 15-talet reiv sviande om nase og kjakar då skiskyttarane prøvde seg på Lavikdal i helga. Stive avtrekkarfingrar sette nok bom — i dobbel tyding — for voner om siger for langvegsfarande. Best greidde Olav Bosdal seg i den lange løypa, der han slo knock out på skytebasen Lars Halvard Ese. Om det har med at D-klassingen er heimevan med Lavikdal-snoen skal vere usagt. No er den same Bosdal kjend som ein god langrennsløpar. Mellom dei yngre sigra den sterke Atle Hjartholm oppskriftsmessig.

**Yngre rekrutt:**

Rune Nyland, Lavikdal 26.53(5 1/2)
Bjørn N. Kjønås, Lavik 30.25 (7).

**Eldre rekrutt:**

Atle Hjartholm, Høyanger 22.21(1/2)
Einar Tjønnås, Lavik 29.47(2)
Svein Torsnes, Vadheim 30.35(3)
Arne Ove Kjønås, Lavik 32.40(5)
Stig Hovland, Lavikdal 36.11(10)

**Yngre junior:**

Harald E. Kjønås, Lavik 42.09(7)
Lasse H. Bruås, Lavikdal 43.37(9)

**Klasse F:**

Olai Skaar, Høyanger 47.24(12)

**Klasse E:**

Oddvar Nesse, Høyanger 63.25(7)
Helge Jordal, Lavikdal 67.57(8)

**Klasse D:**

Olav Bosdal, Lavikdal 67.21(7)
Arvid Målsnes, Balestr. 75.56(1)
Olav Dale, Lavikdal 94.51(34)

**Klasse C:**

Lars A. Fredland, Sogndal 72.57(11)
Odd Bosdal, Lavikdal 78.55(10)
Jens Lerheim, Sogndal 92.06(25)

**Klasse B:**

Lars H. Ese, Balestr. 70.09(3)
Erling Dingsøyr, Høyanger 79.02(7)

Desse gav gåvepremiar til stemna: Høyanger Gullsmedforretning, Sogn Ytre Branntrygdelag, Lavik Sparebank, Kjell Bjørkhaug og Lasse Bruaas.



Lasse Helge Bruås, Lavikdal, skyt seg til andreplass i yngre junior. Oddvar Nesse, Høyanger, gjer seg klar, medan Olav Bosdal sender siste skotet avstad. Dei to sistnemnde vart begge klassevinnarar.

# 25 deltok på treningsstemne i Førde.

Førre fredag skipa Førde IL til treningsstemne i hopp utan tilløp i Førdehallen. Stemnet var ope for alle klassar og samla 25 deltakarar, alle frå Førde IL. Resultata:

VOLLEYBALL

# Full serierunde i helga.

**Heimekampar for Sunnfjordlaga i 2. divisjon.**

Komande helg vert det igjen spelt serievolleyball i samtlege

medan Jølster og Sentrum skal kjempe om tredjeplassen i Jølster.

**D 2:**

20/1 Tambarskjelvar—NHHI
21/1 Sande—NHHI

**H 2:**

20/1 Førde—NHHI
21/1 Høyang—NHHI